

KOMMISJONSVEDTAK

2003/EØS/57/06

av 20. august 2001

om særlege reglar for flytting av storfe når dei vert sette på sommarbeite i fjellområde(*)

[meldt under nummeret K(2001) 2551]

(2001/672/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system
for identifikasjon og registrering av storfe og om merking
av storfekjøtt og storfekjøttprodukter og om oppheving av
rådsforordning (EF) nr. 820/97⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det er naudsynt å presisere kva slags flytting dei særlege
reglane skal nyttast på.
- 2) Med tanke på at liknande situasjonar kan oppstå
fleire stader bør dei særlege reglane gjelde for dei
medlemsstatane eller delane av medlemsstatar som
ønskjer å nytte dei.
- 3) Dei særlege reglane må fastsetjast på ein slik måte at det
alltid er mogleg å vite kor kvart einskilt storfe oppheld
seg.
- 4) Dei særlege reglane må føre til ei faktisk forenkling, og
berre omfatte føresegner som er heilt naudsynte for å
sikre full drift av den nasjonale databasen.
- 5) Dei særlege reglane gjeld berre for flytting innanfor
ein medlemsstat. Særlege reglar for flytting mellom
medlemsstatar kan eventuelt fastsetjast seinare dersom
det er naudsynt.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegnen frå Utvalet for Det europeiske utviklings-
og garantifondet for landbruket —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dette vedtaket skal nyttast på flytting av storfe innanfor dei
medlemsstatane eller delane av medlemsstatar som er nemnde
i vedlegget, frå ulike driftseiningar til beite i fjellområde i
tidsrommet 1. mai-15. oktober.

Artikkel 2

1. Kwart beite som er nemnt i artikkel 1, skal ha ein særskild
registreringskode som skal førast inn i den nasjonale databasen
for storfe.

2. Den personen som er ansvarleg for beitet, skal utarbeide
ei liste over det storfeet som vert flytta til dei beita som er
nemnde i artikkel 1. Denne lista skal minst innehalde:

- registreringskoden for beitet,
- og for kvart storfe:
- det individuelle identifikasjonsnummeret,
- identifikasjonsnummeret til opphavseininga,
- datoen då storfeet kjem fram til beitet,
- datoen då storfeet er venta å forlate beitet.

3. Den lista som er nemnd i nr. 2, skal godkjennast av den
veterinæren som er ansvarleg for kontrollen med flytting av
storfe.

4. Opplysningane i den lista som er nemnd i nr. 2, skal
førast inn i den nasjonale databasen for storfe seinast sju dagar
etter at storfeet er flytta på beite.

5. Eventuelle hendingar som finn stad mens dyra er på
beite, som til dømes kalving, dødsfall eller ytterlegare flytting,
skal meldast til den nasjonale databasen for storfe i samsvar
med dei allmenne reglane. Den personen som er ansvarleg for
beitet, skal så snøgt som råd melde frå til den som er ansvarleg
for opphavseininga. Det skal òg opplysast om den faktiske
flyttedatoen og om framkomststaden til kvart einskilt storfe i
samsvar med dei allmenne reglane.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferdet i Brussel, 20. august 2001.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 235 av 4.9.2001, s. 23, er
nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 114/2002 av 27. september 2002 om
endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve),
sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 61 av
12.12.2002, s. 4.

(¹) TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1.

VEDLEGG

FRANCE

PICARDIE	Aisne
CHAMPAGNE-ARDENNE	Ardennes, Aube
LORRAINE	Meurthe-et-Moselle, Meuse, Moselle, Vosges
ALSACE	Bas-Rhin, Haut-Rhin
FRANCHE-COMTÉ	Doubs, Jura, Haute-Saône, Territoire de Belfort
RHÔNE-ALPES	Ain, Ardèche, Drôme, Isère, Loire, Rhône, Savoie, Haute-Savoie
PROVENCE-ALPES-CÔTE D'AZUR	Alpes de Haute-Provence, Hautes-Alpes, Alpes-Maritimes, Bouches-du-Rhône, Var, Vaucluse
BOURGOGNE	Côte-d'Or, Nièvre, Saône-et-Loire
AUVERGNE	Allier, Cantal, Haute-Loire, Puy-de Dôme
LIMOUSIN	Corrèze, Creuse
MIDI-PYRÉNÉES	Ariège, Aveyron, Haute-Garonne, Gers, Hautes-Pyrénées, Lot, Tarn, Tarn-et-Garonne
AQUITAINE	Pyrénées-Atlantiques
LANGUEDOC-ROUSSILLON	Aude, Gard, Hérault, Lozère, Pyrénées-Orientales
CORSE	Haute-Corse, Corse-du-Sud

ITALIA

LOMBARDIA	Sondrio, Como, Lecco, Varese, Milano, Pavia, Lodi, Cremona, Mantova, Brescia, Bergamo
PROVINCIA AUTONOMA DI TRENTO	Trento
MOLISE	Campobasso, Isernia
FRIULI VENEZIA GIULIA	Udine, Pordenone
ABRUZZO	L'Aquila, Chieti, Pescara, Teramo
PUGLIA	Foggia, Bari, Taranto
PIEMONTE	Torino, Alessandria, Biella, Cuneo, Novara, Verbania, Vercelli
VENETO	Treviso, Vicenza, Verona, Belluno
SICILIA	Agrigento, Caltanissetta, Catania, Enna, Messina, Palermo, Siracusa, Ragusa, Trapani
VALLE D'AOSTA	Aosta
UMBRIA	Perugia, Terni
LIGURIA	Imperia, Savona, Genova, La Spezia
EMILIA ROMAGNA	Piacenza, Parma, Ravenna, Bologna
MARCHE	Ascoli Piceno, Macerata, Ancona, Pesaro-Urbino
LAZIO	Roma, Rieti, Frosinone, Viterbo, Latina
TOSCANA	Lucca
PROVINCIA AUTONOMA DI BOLZANO	Bolzano
CAMPANIA	Avellino, Benevento, Caserta
CALABRIA	Catanzaro, Cosenza, Crotona, Reggio Calabria, Vibo Valentia
BASILICATA	Matera, Potenza

ÖSTERREICH

KÄRNTEN	Klagenfurt Stadt, Villach, Hermagor, Klagenfurt Land, Sankt Veit an der Glan, Spittal an der Drau, Villach Land, Völkermarkt, Wolfsberg, Feldkirchen
NIEDERÖSTERREICH	Waidhofen an der Ybbs Stadt, Amstetten, Baden, Gmünd, Hörn, Krems an der Donau Land, Lilienfeld, Melk, Neunkirchen, Sankt Pölten Land, Scheibbs, Waidhofen an der Thaya, Wiener Neustadt Land, Zwettl
OBERÖSTERREICH	Eferding, Freistadt, Gmunden, Grieskirchen, Kirchdorf an der Krems, Perg, Ried im Innkreis, Rohrbach, Steyr Land, Urfahr Umgebung, Vöcklabruck
SALZBURG	Salzburg Stadt, Hallein, Salzburg Umgebung, Sankt Johann im Pongau, Tamsweg, Zell am See

STEIERMARK	Graz Stadt, Bruck an der Mur, Deutschlandsberg, Graz Umgebung, Hartberg, Judenburg, Knittelfeld, Leibnitz, Leoben, Liezen, Mürzzuschlag, Murau, Voitsberg, Weiz
TIROL	Innsbruck Stadt, Imst, Innsbruck Land, Kitzbühel, Kufstein, Landeck, Reutte, Lienz
VORARLBERG	Bludenz, Bregenz, Dornbirn, Feldkirch
PORTUGAL	
VIANA DO CASTELO	Ponte de Lima, Vila Nova de Cerveira, Valença, Paredes de Coura, Monção, Melgaço, Arcos de Valdevez, Ponte da Barca, Viana do Castelo
BRAGA	Vila Verde, Vieira do Minho, Fafe, Terras de Bouro, Amares
PORTO	Amarante, Arouca, Vale de Cambra, Cinfães, Resende, Baião
VILA REAL	Montalegre, Boticas, Vila Pouca de Aguiar, Vila Real, Valpaços, Chaves
BRAGANÇA	Vinhais, Bragança
VISEU	Castro Daire, S. Pedro do Sul, Vouzela
SABUGAL	Sabugal
CASTELO BRANCO	Vila Velha de Rodão
